

Faun Naturforvaltning AS
Fyresdal Næringshage
3870 Fyresdal

Tlf. 35 06 77 00
Fax. 35 06 77 09

www.fnat.no
post@fnat.no



VILTFORVALTNING



FISKEFORVALTNING




KONSEKVENSGREIING



LANDBRUK OG NÆRING

Elbeitetaksering i Vinje 2006

Oppdragsgivar:
Vinje kommune



Lars Erik Gangsei

Forord

Underteiknande vil på vegne av Faun Naturforvaltning AS takke for oppdraget med å gjennomføre beitetaksering i Vinje. Bestanda som blei taksert var svært egna til beitetaksering. Vi vonar rapporten kjem til nytte.

Fyresdal 20.07.2006



Lars Erik Gangsei

Forsidefoto: Lars Erik Gangsei: Vital rogn (øve venstre), beiteklipp frå same rogn (øvre høyre), beiteklipp på vier (nedre venstre) og furu i beitegrad 4 (alle skot er beita) (nedre høyre).

Faun rapport 034-2006:

Tittel:	Elgbeitetaksering i Vinje 2006
Forfatter:	Lars Erik Gangsei
Tilgjengeleg:	Fritt
Oppdragsgivar:	Vinje kommune
Prosjektleder:	Lars Erik Gangsei
Prosjektstart:	01.06.2006
Prosjektslutt:	01.07.2006
Referat:	<p>I perioden 06-08.06.2006 gjennomførte Faun Naturforvaltning AS elgbeitetaksering på 15 bestand i Nedre Vinje bestandsplanområde. Fôrproduksjonspotensialet i Nedre Vinje er stort som følge av store areal i HK II og høg tetthet av ROS + vier. Produksjonen av høgkvalitetsfôr vert redusert på grunn av overbeiting av ROS + vier gruppa.</p> <p>Samanlikna med andre område er beitepresset på bjørk lågt. I andre område med tilsvarende lågt beitepress på bjørk har ein begynt å sjå positiv utvikling i elgen sin kondisjon.</p>
Samandrag:	Norsk
Dato:	20.07.2006
Tal sider:	17 + vedlegg

Kontaktopplysningar Faun Naturforvaltning AS:

Post:	Fyresdal Næringshage 3870 FYRESDAL
Internet:	www.fnat.no
E-post:	post@fnat.no
Telefon:	35 06 77 00
Telefax:	35 06 77 09

Kontaktopplysningar forfatter:

Namn:	Lars Erik Gangsei
E-post:	leg@fnat.no
Telefon:	35 06 77 01
Telefax:	35 06 77 09

Innhald

Samandrag	4
Innleiing	5
Metode.....	6
”Busketaren”	6
Indikatorane.....	6
Utveljing av bestand.....	7
Feltarbeid.....	7
Resultat.....	8
Vinje 2006.....	8
Tabell 1: Opplysingar om bestanda.....	8
Tabell 2: Resultat på bestandsnivå.....	9
Samanlikning med andre område.....	12
Plantetetthet.....	13
Beitegrad	14
Diskusjon.....	15
Er måla nådd?.....	15
Tetthetsreduksjon	15
Fôrpotensiale	16
Feilkjelder.....	16
Konklusjon	17

Samandrag

I perioden 06-08.06.2006 gjennomførte Faun Naturforvaltning AS elgbeitetaksering på 15 bestand i Nedre Vinje bestandsplanområde.

Takseringa ble gjennomført etter Knut Solbraa/ SKI- metoden (overvakingstakst). Metoden går ut på å taksere trær og busker i ungskog (hogstklasse 2). Metoden gir grunnlag for å berekne tetthet, høyde og beitegrad på dei ulike treslaga.

Takseringane viste at lauvtreea var fullstendig dominerande blant beiteartene som blei taksert (gran blei ikkje taksert). Der var i gjennomsnitt 12 *furua*, 382 *bjørk*, 336 *ROS + vier* (*ROS* = rogn, osp og selje) og 7 *einer* per daa. Samanlikna med dei fleste andre område er dette høge tetthetar av lauvtreea, men svært låg tetthet av *furua*.

Gjennomsnittshøgden viser tydeleg forskjellane i beitepresset. Medan *bjørka* var 16 dm i snitt var *furua* bare 10 dm, medan *ROS + vier* var nede i 8 dm i snitt. Forskjellane skuldast i all hovudsak ulikt beitepress over tid. Ein ser og tydelege forskjellar i beitepress. Heile 70% av skota på *ROS + vier* vart beita vinteren 2005/ 06 mot 54% av skota på *furua* og bare 8% av skota på *bjørk*. Det er vanleg å setje grensa for overbeiting ved 35 %. Etter denne definisjonen vart *ROS + vier* overbeita på alle bestand (unntatt eit kor det ikkje var til stade), medan *bjørk* bare vart overbeita på eit bestand.

Fôrproduksjonspotensialet i Nedre Vinje er stort som følge av store areal i HK II og høg tetthet av *ROS + vier*. Produksjonen av høgkvalitetsfôr vert redusert på grunn av overbeiting av *ROS + vier* gruppa.

Samanlikna med andre område er beitepresset på bjørk lågt. I andre område med tilsvarende lågt beitepress på bjørk har ein begynt å sjå positiv utvikling i elgen sin kondisjon. Overbeitinga av *ROS + vier* på alle bestand gjer imidlertid at ein må råde til å redusere elgtettheten enda litt for å auke produksjonen av høgkvalitets elgfôr.

Innleiing

Elgen i Vinje har vist ei negativ kondisjonsutvikling. Som leveområde for elg er store delar av Vinje marginale område, i alle høve vinterstid. Nedre Vinje bestandsplanområde ligg i den sørlege delen av kommunen og har ein klarare "skogdominans" enn andre område i kommunen. Det er og sannsynleg at areala i Nedre Vinje vert nytta som vinterbeiteområde for elg i andre delar av kommunen. Grunna vindfall er og store delar av arealet i hogstklasse II (ungskog). Dette er areal som produserer mykje elgfôr.

Elgtettheten i Vinje totalt og nedre Vinje er redusert dei seinare åra. Ved å gjennomføre beiterregistreringar og samanlikne med erfaringar frå andre område ønskjer ein å styrke kunnskapen om kva elgtetthet ein bør leggje opp til å ha i komande år.

Metode

Beiteregistreringane er gjennomført som overvakingstakst etter Knut Solbraa sin metode¹.

”Busketaren”

Elgen er ein ”buskspisar”, dvs. at elgens fysikk (bein og halslengde, mage, m.m.) passar til ein diett med mykje blad frå trær og buskar om sommaren og kvist frå det same sjiktet vinterstid. Taksten nyttar buskar og trær som indikatorar. Varierende fôrqualität mellom ulike treslag (arter) fører til varierende beitepress på artene. Fôrqualiteten til dei ulike plantene er undersøkt gjennom kjemiske forsøk og tidligare beiteforsøk². Hard beiting på dårlige beiteplanter som (t.d.) *bjørk* indikerar eit hardt beitepress, medan lite beiting på gode beiteplanter som rogn, osp og selje tyder på lågt beitepress. Eit hardt beitepress på dei dårlege beiteplantene må tolkast som eit klart signal på manglande tilgang på beite av tilfredsstillande kvalitet (også av feltsjiksartar som urter, gras og lyng).

Indikatorane

Furu

Furu utgjør ein stor vinterfôrressurs av tilfredsstillende kvalitet. Elgen kan ved beiting skade virkesverdien av *furu*. *Furu* finst hovudsakeleg på mark med låg produksjonsevne.

Bjørk

Bjørk finst på nær alle markslag og har stor geografisk utbreiing. *Bjørk* er ikkje godt (høy kvalitets) elgfôr, men er i mange områder ein viktig og mykje nytta fôrressurs på grunn av god tilgang både sommar og vinter. Der *bjørk* blir hardt beita er det eit klart signal om mangel på beiteressursar av høgare kvalitet.

ROS + vier

Rogn, osp, selje og vier vert handsama som ei gruppe (*Ros + vier*). Med unntak frå einskilde område på Sørlandet viser det seg at der er mykje meir rogn enn selje og osp. Dette er beiteplantar med høg fôrqualität, stort produksjonspotensial og vid geografisk utbreiing. *Ros + vier* blir beita av elgen vinter og sommar. *ROS* produksjonsevne reduserast raskt ved overbeiting. *Vier* tåler beiting noe betre og finst også høgt til fjells.

Einer

Einer er ei vinterbeiteplante som elgen nyttar seg mye av på ettervinteren. Det er lite *einer* i Vinje og den er derfor bare sporadisk tatt med i vurderingsgrunnlaget.

Møkk

Tettheten av møkkhaugar blir registrert som ein indikator på elgtettheten.

¹ Solbraa, K. 2002. Veiledning i Elgbeitetaksering. Temahefte. Skogbrukets Kursinstitutt.

² Se for eksempel; Sæther, B-E., Solbraa, K., Sødal, D.P. & Hjeljord, O. 1992. Sluttrapport Elg-Skog-Samfunn. – NINA forskningsrapport 28: 1-153.

Utveljing av bestand

Vinje kommune ved Lasse Mathiesen valte ut 15 bestand. Bestanda vart valt ut for å sørgje for ei best mogleg geografisk spreiding innom driftsplanområdet. Ortofoto vart brukt som grunnlag for utveljinga.

Feltarbeid

Feltarbeidet vart gjennomført i perioden 06-08.06.2006 av Lars Erik Gangsei frå Faun Naturforvaltning AS. Torjus Ljostad var med under delar av feltarbeidet 08.06.2006.

Registreringar på prøveflatene

På dei einskilde bestanda blir det lagt ut et fast prøveflateforband som gir ca 30 prøveflater jamt fordelt over heile bestandet. Kvar prøveflate er 12,5 m². På kvar prøveflate blir (an)tal, gjennomsnittshøgde og beitegrad for kvar indikator registrert. Bare trær mellom 0,5 og 4 meter (eller som skulle ha vore så høge om de ikkje var beita) vert registrert. Bare trær/ buskar med rotfeste innom prøveflata tel. Beitegrad registrerast på ein skala frå 1 til 4 kor beitegrad 1 nyttast dersom plantene ikkje er beita **siste vinter** med ei gradvis auke til beitegrad 4 dersom alle tilgjengelige skot vart beita siste vinter. Beitegrad 4 nyttast også dersom planta gjennom gjentatt overbeiting er så redusert at beitelege skot ikkje lenger vert produsert.

Registreringane gir grunnlag for å berekne plantetetthet (tal planter per daa), gjennomsnittshøgde og beitegrad for dei ulike gruppene. Beitegraden presenterast i prosent. Beiteprosenten viser kor stor del av nye skot som er beita siste vinter. Som tommelfingerregel reknar ein med at trea/ buskane tåler ein beitegrad på 35 % på bestandsnivå utan at produksjonsevna reduserast. For formlar visast det til "Veiledning i Elgbeitetaksering"³.

Gjennomsnittstala for fleire bestand er veide gjennomsnitt. Dvs. at verknaden dei einskilde bestanda får på beitegraden og gjennomsnittshøgda er proporsjonal med plantetettheten.

Den geografiske plasseringa til dei einskilde bestanda er presentert i form av UTM-koordinat. UTM-koordinata er tatt ved avlesing av GPS.

³ Solbraa, K. 2002. Veiledning i Elgbeitetaksering. Temahefte. Skogbrukets Kursinstitutt.

Resultat


Vinje 2006

Tabell 1: Opplysingar om bestanda

Bestandsnamn	Utm Øst	Utm Nord	Bonitet	Areal	Trehøg.	Dato	Taksator	Gard Bruks	Teig	Best.	Flateforband	Plantesla	
Vinje 01, Geir Magne Våle	437635	6604020	G 14	34	25	06.06.2006	Lars Erik Gangsei	21	1	2	15	35*35	G
Vinje 02, Gunnar Flåtten	438500	6603500	G 11	69	15	06.06.2006	Lars Erik Gangsei	20	1	2	1	50*50	G
Vinje 03, Martin Kallåk	438908	6603899	G 11	177	15	06.06.2006	Lars Erik Gangsei	19	2	1	11	25*20	G
Vinje 04, Tor Tjønn	439915	6603181	G 14	39	15	06.06.2006	Lars Erik Gangsei	22	1		23	40*35	G
Vinje 05, Geir Halvor Tjønn	442950	6603420	G 11	33	25	08.06.2006	Lars Erik Gangsei	17	1	1	1	35*35	G
Vinje 06, Kristian Versto	442044	6601992	G 11	10	14	08.06.2006	Lars Erik Gangsei	18	1	1	5	20*15	G
Vinje 07, Martin Kallåk	441750	6601901	G 11	25	15	06.06.2006	Lars Erik Gangsei	19	2	1	7	35*25	G
Vinje 08, Jon G. Thoresen	438267	6602589		35	15	08.06.2006	Lars Erik Gangsei	6	11	0		35*25	G
Vinje 09, Stein Sandok	441380	6600740	G 11	35	20	07.06.2006	Lars Erik Gangsei	13	1	1	30	35*35	G
Vinje 10, Per Augon Berdal	439450	6602050	G 14	15	15	07.06.2006	Lars Erik Gangsei	6	1	1	3	25*20	
Vinje 11, Stein Sandok 2	443100	6600400	G 14	40	20	08.06.2006	Lars Erik Gangsei	13	1	2	21	40*35	G
Vinje 12, Geir Magne Våle	438248	6599672	G 14	70	25	07.06.2006	Lars Erik Gangsei	4	1	1	123	50*50	G
Vinje 13, Jostein Øygarden	439824	6599852	G 14	54	20	07.06.2006	Lars Erik Gangsei	7	1	2	18	40*40	G
Vinje 14, Morten Ringhus	441335	6597838	G 14	5	15	07.06.2006	Lars Erik Gangsei	3	2	1	13	15*10	G
Vinje 15, Torjus Bringsvær	441081	6595432	G 17	40	15	08.06.2006	Lars Erik Gangsei	2	1	1	10	40*35	G

Tabell 2: Resultat på bestandsnivå

Bestandsnamn	Tal Prøvef.	Møkk	Furu			Bjørk			ROS + vier			Einer		
			Tetthet (per daa)	Tetthet (per daa)	Snitt- høgde (dm)	Snitt- beiteg. (%)	Tetthet (per daa)	Snitt- høgde (dm)	Snitt- beiteg. (%)	Tetthet (per daa)	Snitt- høgde (dm)	Snitt- beiteg. (%)	Tetthet (per daa)	Snitt- høgde (dm)
Vinje 01, Geir Magne Våle	27	0	0			267	20	1	130	6	73	0		
Vinje 02, Gunnar Flåtten	27	6	9	13	22	373	18	0	480	10	77	15	10	0
Vinje 03, Martin Kallåk	30	5	56	9	86	307	17	5	435	6	64	8	9	0
Vinje 04, Tor Tjønn	30	5	8	10	33	264	20	4	237	6	75	5	12	67
Vinje 05, Geir Halvor Tjønn	30	0	16	13	33	168	23	0	587	13	61	0		
Vinje 06, Kristian Versto	27	9	12	14	83	80	19	38	276	6	79	27	10	15
Vinje 07, Martin Kallåk 2	30	8	21	10	0	168	16	12	221	9	48	16	12	0
Vinje 08, Jon G. Thoresen	27	6	3	5	0	714	15	4	311	5	83	0		
Vinje 09, Stein Sandok	29	0	28	9	53	502	17	8	303	6	73	0		
Vinje 10, Per Augon Berdal	33	0	7	13	67	107	14	10	378	6	58	27	8	15
Vinje 11, Stein Sandok 2	31	8	5	15	100	369	19	4	563	10	63	0		
Vinje 12, Geir Magne Våle	31	3	0			965	12	7	165	4	93	0		
Vinje 13, Jostein Øygarden	26	6	3	12	0	203	16	0	443	9	74	0		
Vinje 14, Morten Ringhus	30	13	3	7	0	752	14	21	0			0		
Vinje 15, Torjus Bringsvær	29	17	14	10	53	477	20	12	513	5	82	3	8	0
Totalt	437	6	12	10	54	382	16	8	336	8	70	7	10	12




Figur 1: Omtrentleg geografisk plassering av bestanda i Nedre Vinje.

Resultata frå Vinje viser noen tydelege trekk. Først og fremst er det *bjørk* og *ROS + vier* gruppene som dominerer fullstendig med omsyn til tetthet av beiteplanter. *Furu* er der lite av. Det kjem av at gran er det naturlege treslaget å satse på innom skogbruket. *Furu* vert klart overbeita. Talgrunnlaget er spinkelt ut frå at der er låg tetthet av *furu*. Imidlertid var inntrykket under takseringa at beitepresset på *furu* var hardt, når ein i tillegg ”skjela” til trea som fall utanom prøveflatene. For skogbruket sin del vil det vere vanskeleg å satse på *furu* som foryngingstreslag med rådande beitepress.


Vidare er der svært stor tetthet av *ROS + vier*. Rogn er absolutt dominerande i denne gruppa, 80-90 % av gruppa er rogn. Denne gruppa er klart overbeita. Faktisk på alle bestand kor gruppa er til stade. Ein ser det både på beitegraden, men også frå høgdeforskjellen mellom *ROS + vier* og *bjørk*. *Bjørka* er nær dobbelt så høg i snitt som *ROS + vier* (jamfør figur 2). Dette skuldast forskjellar i beitepresset over tid. Bare få stader i området hadde *ROS + vier* gruppa fått ”kvile” og tid til å utvikle seg som ordentlege buskar. Bileta på framsida av rogn er tatt like ved fylkesveg 38. Enda betre døme finn ein i område nr. 5. Dette bestandet inneheld stor variasjon i beitegraden og utviklinga av *ROS + vier* gruppa er svært egna som demonstrasjonsbestand. Særskilt har roгна blitt spart i området rett bak skyttargrava.

Der er enda større tetthet av *bjørk* enn *ROS + vier*, men som ein også ser er *bjørk* ikkje overbeita. Faktisk er *bjørka* bare overbeita (beitegrad over 35 %) på eit bestand i Vinje.


Gjennomsnittleg tetthet, Vinje



Gjennomsnittshøyder, Vinje



Gjennomsnittleg beitegrad, Vinje



Figur 2: Gjennomsnittleg plantetetthet (øvre figur), plantehøgde (midtre figur) og beitegrad (nedre figur) for furu, bjørk, Ros + vier og einer. De 15 bestanda taksert i Vinje 2006 ligg til grunn.


Samanlikning med andre område

Vi har valt å samanlikne resultatata frå Vinje med tre andre takseringar gjennomført i 2006. I Notodden takserte Faun 45 bestand, i Østfold (fleire kommunar) 76 bestand og på Ringerike er det gjort ein takst av bestandsplanområda der tala er sett saman av Hans Bergan⁴. Taksten er på i alt 91 bestand. Figur 3 har med enda fleire område.

Ein ser noen tydelege trekk. Der var svært lite *furu* i Vinje samanlikna med alle andre område, medan der var meir *ROS + vier* enn i dei andre områda. Notodden skil seg ut i Telemark med relativt liten tetthet av desse treslaga. Der er og mykje *bjørk* på flatene i Vinje, men ikkje så mykje som i Østfold. Potensialet for å produsere elgfôr av høg kvalitet (*ROS + vier*) skulle soleis vere godt.

ROS + vier vert og svært overbeita i alle område. Ein merkjer seg at beitepresset på denne gruppa er noe mindre på Ringerike kor elgtettheten er sterkt redusert. Det ser ut til at elgen likar desse artane så godt at om der er elg ”innom eit bestand” i løpet av vinteren vert nesten alt av nye skot på desse artane beita. Skal beitepresset ned må ein truleg ha så låg elgtetthet at ein del bestand får stå i fred for beiting kvart år.


Bjørk er den arten som der finst mest av og jamnast av i alle område. Ein ser at beitepresset på *bjørk* er lågt i Vinje, saman med Østfold og Ringerike, medan beitepresset på *bjørk* er hardare på Notodden (figur 5). I figur 3 under er det vist samanhengen mellom ”sett elg per dag” (frå jegerobservasjonane ”året før”) og beitegrad på *bjørk*. Ein ser at der er klar samanheng.



Figur 3: Samanlikning mellom sett elg per dag (”året før”) og beitegrad på *bjørk* for områda Vinje 2006 (15 bestand raud firkant), Ringerike 2006 (91 bestand), Notodden 2006 (45 bestand), Østfold 2006 (76 bestand), Nedre Telemark (Bamble, Drangedal, Kragerø, Nome, Skien, Siljan og Porsgrunn) i 2003, 2004 og 2005 (høvesvis 31, 19 og 79 bestand), Trysil i 2004 og 2005 (høvesvis 87 og 83 bestand) og Øvre Romerike Elgregion (ØRE) i 2003 og 2005 (høvesvis 85 og 81 bestand). Sett elg data frå Østfold er frå 2004 (ikkje 2005) og for Trysil er det bare for ein del av kommunen.


⁴ Bergan, H. 2006. Registrering av Elgbeite, Ringerike 2006. Notat for Viltneimnda i Ringerike kommune datert 10.07.2006.

Plantetetthet



Figur 4: Samanlikning av plantetetthet for furu (øvre figur), bjørk (midtre figur) og ROS + vier (nedre figur). Søylenes representerer dei fire områda i følgjande rekkefølge (venstre mot høgre); Vinje, Notodden, Østfold og Ringerike.

Beitegrad



Figur 5: Samanlikning av beitegrad for furu (øvre figur), bjørk (midtre figur) og ROS + vier (nedre figur). Søylene representerer dei fire områda i følgjande rekkefølge (venstre mot høgre); Vinje, Notodden, Østfold og Ringerike.

Diskusjon

Er måla nådd?

Ein har gjennom beitetakseringa fått eit klart inntrykk av beitesituasjonen i Nedre Vinje. Sjølv om det ikkje vart taksert meir enn 15 bestand er området såpass einsarta og resultatata så eintydige at ein kan vere svært sikker på at dei gjennomsnittlege plantetetthetene, høgdene og beitegradene gir eit godt bilete på den reelle situasjonen.

Enno manglar ein gode tal for kva beitepress ein kan tillate seg å ha samstundes med at elgbestanden er i god kondisjon. Det som synast heilt klart er at når beitepresset på *bjørk* byrjar å gjere seg gjeldande (beitegrad på rundt 20 %) går det ut over elgen sin kondisjon. I Sør-Aurdal har ein ved å redusere elgtettheten også fått ein positiv reaksjon hjå *ROS + vier* gruppa. Dessverre er der enno ikkje taksert mange bestand i dette området.


Truleg må ein og ned på ein elgtetthet kor *ROS + vier* gruppa i alle fall på nokre bestand får "kvile" dei einskilde åra. Så langt er dette ikkje tilfellet i Nedre Vinje. Beitetakseringane indikerer soleis at elgtettheten må reduserast ytterlegare. Det understrekar at dette gjeld vintertettheten av elg. Det hjelper lite å skyte ut den "lokale elgen", dersom det er trekkelig som gir skadane. Vi understrekar og at det er svært positivt at ein har komen ned i ein elgtetthet kor *bjørk* ikkje vert overbeita.

Tetthetsreduksjon

Når ein går inn for framleis reduksjon av elgtettheten vil vi også vise til erfaringar frå andre delar av landet. Ringerike kommune er eit godt døme. Ringerike var i fleire år den kommunen med flest elgfellingar, delvis som ei følge av målretta bestandsreduksjon. Det kan sjå ut til at kondisjonen på Ringerike er på veg opp, sjølv om det enno er noko usikkert. Det som er viktig å merke seg er at dei er nede i ein elgtetthet om vinteren på under ein elg per km² teljande elgareal. Då elgtettheten var på det høgaste rundt 1993 var tilsvarande tetthet om lag 2,5 elg per km². Teljande elgareal på Ringerike er om lag 1200 km², det aller meste produktiv skogsmark. Etter beiter registreringane 2006 som er referert til fleire stader i denne rapporten lurar dei på om elgtettheten bør reduserast ytterlegare! Ut frå erfaringane på Ringerike ser det ut til (sjølv sagt med ein del usikkerhet) at ein i område med produktiv skogsmark kan forvente eit bakgrunnsareal på mellom 2500 og 3000 daa for kvar felte elg, avhengig av avskytingsprofil.

Frå figur 6 (neste side) ser ein at elgtettheten på Ringerike er langt meir redusert enn i Vinje totalt. Imidlertid er det ikkje tvil om at Nedre Vinje isolert sett har hatt ein stor relativ nedgang i elgtettheten. Dei er likevel ikkje nede på same nivå som Ringerike for "sett per dag" sjølv om ein skal vere noko varsam med å samanlikne denne indeksen direkte mellom områder.

Samanlikning sett per dag



Figur 6: Sett elg per dag for Ringerike (svarte ruter), heile Vinje (kryss) og Nedre Vinje (grå ruter)

Fôrpotensiale

I vurderingane legg ein mykje vekt på artane som vert nytta som indikatorartar under takseringa. Elgen et sjølvsagt mykje anna i tillegg. T.d. et han gras, urter og nyttar innmark. Det er likevel stor semje om at busksjiktet er viktig for elgen. Det er klart at der er eit svært stort potensiale for å produsere fôr i busksjiktet i Nedre Vinje i desse dagar som følgje av dei harde vindfallhogstane. Men dersom ein ønskjer å utnytte det fulle fôrproduksjonspotensialet kan ikkje dei kvalitetsmessig beste artane reduserast av overbeiting.

Furu er det treslaget som i særklasse kan produsere størst mengde kvist som vinterfôr. Denne ressursen er ikkje stor i Vinje på grunn av låg tetthet av *furu*. Det kan tenkast at beitepresset på *ROS* vert ekstra hardt som følgje av at *bjørk* nesten er det einaste alternativet for elgen vinterstid.

Feilkjelder

Der er sau på beite i store delar av området. Det er "vinterklipp" som takserast under beiteregistreringa (ikkje "bladrasping"). Like fullt vil sauebeiting (eller beiting frå andre husdyr/ hjortevilt) kor kvisten "klippast" ikkje kunne skillast ut. Vidare vil planter som er så kua av beiting (sommars eller vinter, elg eller sau) at dei ikkje produserer beitelege skot og bli plassert i beitegrad 4. Det var ikkje råd å sjå klare forskjellar på område med mykje sau og område kor det gjekk mindre sau sommartid. Dette tyder på at sauebeitinga utgjer ei relativt lita feilkjelde. I den grad det er ei feilkjelde er det hovudsakeleg for *ROS* + *vier*.

Konklusjon

Fôrproduksjonspotensialet i Nedre Vinje er stort som følge av store areal i HK II og høg tetthet av *ROS + vier*. Produksjonen av høgkvalitetsfôr vert redusert på grunn av overbeiting av *ROS + vier* gruppa. Der er lite *furu*, men det som er vert hardt overbeita. Det er derfor vanskeleg å satse på *furu* som foryngingstreslag i skogbruket.

Samanlikna med andre område er beitepresset på *bjørk* lågt. Dette er eit positivt teikn. Truleg kan ein forvente noko redusert beitepress på *ROS + vier* også, helst ved at ein også framleis reduserer elgtettheten noe. I andre område med tilsvarande lågt beitepress på *bjørk* har ein begynt å sjå positiv utvikling i elgen sin kondisjon.